

Kvifor samane har sin eigen nasjonaldag

Samane vart ikkje godt behandla av dei som hadde makta i Noreg.

Til dømes fekk dei ikkje lov til å snakke samisk på skulen. Dei fekk heller ikkje ta vare på sin samiske kultur.

Den samiske kvinna Elsa Laula Renberg tok initiativ til at samane skulle samlast.

6. februar 1917 vart det første landsmøtet for samar halde. Møtet fann stad i Trondheim og varte i tre dagar. Dette var første gongen samane samla seg for å snakke om rettane sine.



Foto av Elsa Laula Renberg.

Møtet skulle få stor tyding for det samiske folket. Difor vart det bestemt at 6. februar skulle vere samenes nasjonaldag. Samane har også sitt eige flagg og sin eigen nasjonalsong.

Samenes nasjonaldag er felles for alle samar i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

Spørsmål til teksten:

1. Kvifor tok Elsa Laula Renberg initiativ til å samle samane?

2. Kor og når vart det første landsmøtet for samane halde?

3. Kvifor vart det bestemt at nett 6. februar skulle vere samenes nasjonaldag?

4. Kven er samenes nasjonaldag for?
